



Sjursen ANS
Grøvlesvingen 29
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4704 - 15/22366

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
16.06.2015

Godkjent endring av løyve - gbnr 56/150 Hundvin - bustad

Ansvarleg søkjar: Sjursen ANS, 5108 Hordvik
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve i henhold til utgreiing og reviderte teikningar motteke 04.06.2015.

Endringane gjeld endra plassering av garasje i forhold til vegglivet på huset samt ein auke i storleik på ca 7 m². I tillegg bruk av tre kledning i fasade kjellaretasje mot sør/vest istadenfor murpuss.

Endeleg er takutstikk på fasade mot vest trukket ut 80 cm.

Det vert elles vist til søknad motteke 04.06.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 04.06.2015 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

VEDTAK:

Kommunen gjev løyve til endring av tiltak i samsvar med utgreiing datert 02.06.2015 og reviderte teikningar datert 28.11.2014, jf. plan- og bygningslova §20-1.

Vilkår som i løyve datert 15.01.2013.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4704

Ansvar

Søkjjar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.2 Pbl § 20-1	Gebyr
10.2.8 Delt sakshandsaming, endring av løyve	Kr. 2.900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.